



Juletregang har alltid vore ein sentral programpost på festane i Vonheim.

Tidlegare var det tett mellom julefestane i Uskedalen, men no er det langt færre, - berre to. Ein av festane som held stand er den tradisjonsrike julefesten i Vonheim på Haugland 4. juledag. Også i år var denne festen godt besøkt, og dei som var der opplevde ein god gammaldags julefest og var fylt med den gode julestemninga då dei forlet Vonheim etter festen.



Musikklaget opna festen for 33. gang.

Eldstemann som var på festen, Trygve A. Haugland (91,5 år), kunne fortelja at første julefesten i Vonheim vart halden i 1934 eller 1935, like etter at forsamlingshuset var reist på Haugland. Før det hadde dette huset hatt teneste av forskjellig slag ulike stader. Det starta som stall i Sandvikjo før det vart flytta til Uskedalen. Først gjorde det teneste som skulehus før det like før 1900 vart teke i bruk som det første ungdomshuset Helgheim. Då noverande Helgheim vart bygd, vart huset teke ned og merka. Deretter vart det transportert med hest og kjerre til Haugland der det vart reist på nytt på dugnad. Etter det har det vore forsamlingshuset i krinsen.

Med eit hus fylt med slike tradisjonar er det kjekt å denne julefesten, som altså starta opp for rundt 85 år sidan, framleis held koken. Trygve A. Haugland fortel at programmet den første tida hadde faste innslag. Opplesing av juleevangeliet var alltid med. Det same var andakt, barnekor leia av lærar Haugland og gang rundt juletreet, men det var ikkje nisse. Det kom til seinare. Det er svært kjekt at dei fleste av desse elementa er på programmet framleis.

Innslaget som innleia årets fest, har og etter kvart blitt ein tradisjon. Musikklaget opna festen i 1987 etter initiativ av Leif Matre, og sidan har dei vore med kvart år. Såleis var dei med for 33. gang i år, men det har vore med korpsmusikk tidlegare. På slutten av 1950-talet spela Guttemusikken under leiing av Sigurd Wang. To av dagens musikarar, Per Myklebust og Ståle Eik var med då.

Musikklaget spela kjende juletonar som Det kimer nu til julefest, Nu vandrer frå hver en verdens krok, Sonjas sang og Hør den englesang før dei var tonefølge då festlyden song Deilig er jorden.



Nora H. Kristoffersen las juleevangeliet.

Festleiar Tore Mathiesen gav ordet vidare til Nora H. Kristoffersen som les juleevangeliet før Svanhill Haugland heldt andakt. Sjølv sagt var jolebodskapen sentral, og Svanhill tok mellom anna utgangspunkt i at ho denne jula hadde høyrte mykje på radio, på dei fine julesongane som gjennom sine gode tekstar presenterte det glade juleevangeliet på ein så fin måte.

Tore Mathiesen stod for leikane som starta med songkonkurransen som alltid høyrer med. Salen vart delt i to lag, og etter mange særdeles gode songprestasjonar, var det også i år laget med Møyfrid Kristoffersen som kaptein,



som sikra seg ein hårfin siger. Etter det fulgte ein artig stolleik med 6 deltakarar der Tore Mathiesen las ei kjekk historie, og deltakarane måtte springe ein runde kvar gong namnet deira vart nemnt.

Juletregangen er sentral på desse festane. I år føregjekk det i to omgangar. Innimellom var det tid for både matøkt og nissebesøk. Med juletregang vart nok ei sær s vellukka utgåve av den tradisjonsrike julefesten avslutta.



Klar for stolleik.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland